

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr. 1- 12

Herad: Tolga

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: Vingelen

Oppskr. av: Eystein Eggen

Gard: ingen

(adresse): Vingelen .

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eiga .

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## 1- 9 Lynging

A. Eg har aldri høyrd folk ~~tala~~ tala om lynging her i bygdene . Det må ha vore brukt så langt attende at ingen kan hugsa , men eg trur knapt at nokon her i fjellbygdene har drive med å taka lyng . Det var nok den siste utvegen ein kunde gripa til så lenge det fanns lauv og mose .

2 ) Lyng har aldri vore nemnt i samband med åtfang til husdyra , og dette skulde tyde på ~~at~~ at ingen i manns minne visste noko . Helst under vårknipla blir det spørsmål etter alle moglege bergingsmåtar, men lyngsanking er et ukjent emne for meg.

B. Likeins er det med lyng som hjelpefor under beiting . Ingen veit noko om at folk dreiv dyra ut haust , vinter eller vår for å eta lyng.

Ein legg og merke til at husdyra aldri tek etter lyngtuvvene når dei blir slopne ut vårdagen .

Dei rispar heller å seg lauv eller sleiker millon tuvvene etter tov og fynne .

Dette er kanskje vanen si skuld . Dyr som blir tilvant med lyng heime på båsen , vil kanskje lika dette forslaget på beite og . Men her i Nord- østerdal er det så mykje godt graslende at kua helst held seg til dette .

11 ~~Lynging~~ . Mosing .

1

Reinsmosen har saman med fjellgraset ( markhøyet ) vore dei to største faktorane for musdyrbruket heilt frå bygdene her vart busett av bønder . "etten til slåttar og mosetak har det vore mykje krangel om , og enno er det bygder her i Tolga som brukar mosen i store mengder såframt han er å finna . I Hodalen og Øvrsjødalen kan ein vanleg rekna med 40 a 50 lass mose på 10 a 12 kyr . Her ligg moserabbane tett innpå gardane , og det skal vera dei som enno brukar meir mose enn høy .

2 ) Her i Vingelen er mosefelta mindre og minkande , men alle freistar å få tak i nokre lass




kvar haust . Ein fræistar da å dryge ut mosen heile vinteren framover . I gamle dagar kunde ein gard med 10- 15 kyr bruka 50- 60 lass mose også her, men tilgangen av nye bruk har redført at mosetaka blir ~~spredt~~ spreidd på for mange hender , og det blir for lite av han .

3 )

Mosen må takast i regn . I turt vær krympar han saman og blir for skarp . Samstundes lyt mosen vera våt når ein sett han i lasset.

5 ) Ein kallar det å kaste måsså . Til dette arbeidet brukar ein ei harke med 6 fem lange jarntinnar. Skaftet er stuttare og tjukkare enn på ei rive og er laga av bjørk .

Tinnane er litt krøkte eller skrånar litt inn mot skaftet :



6 ) I våre bygder ligg mosetaka helst i snau - fjellet og opptil mila frå bygda . Mosen må ein difor setja i lass på rabbane ~~en~~ og så kjøre han heim på vinterføret .

7 ) I september eller sist i august plar hus - bonden ta seg en tur til fjells for å sjå seg ut måssåtak . Samstundes heignar han inn det områ - det han treng ved å kasta opp mosedottar som skal syne andre at mosen innanfor dei markerte gren - sene høyrer han til . Ein regnversdag kjem eigar - mannen att med folk og reidskap .

Mosen blir kasta opp i små hauger og sett i såtar eller lass . Dei lagar ei tuft på ei flat tuve og legg eit lag med fjellris på lass - romet . Dette skal hindra lasset i å frysa fast og for at ein lettare kan velta det på slaen under kjø - ringa . Lasset blir forma etter augemål slik at breidda og lengda høver til ein vanleg slae .

Dei brukar kolfat til å bera mosen i . Dette er fletta av flate seljeteinar og er helst laga av ein kolfatmakar , men i våre dagar er det mest ingen som kan laga desse lette og hendige fata . Dei spikrar saman ein karm av tunne bord og brukar net - ting til botn . Kolfata var skapa omlag slik :



Til eit moselass går det 20 til 30 haugar , og ein sett aldri meir enn lasset på same tufta .

Helst vel ein tufta litt høgre enn lendet ikring for at lasset ikkje skal driva ned når snøen kjem .

Ein brukar å tråkka eller knø lasset omlag som når ein lessar høy . Det er mange som brukar ein karm til å setja kring lasset medan dei knør og formar det . Ein legg ikkje noko utanpå, men dei lagar ein kuv , og lasset blir sjåande slik ut : Mosen blir aldri sett i turr tilstand, men det råkar at eigarmannen skjer eit merke i ei flis og sett henne i toppen av lasset .





3

4 ( glemt )

Både kvinner og menn var med til mosefjellet.

Ein brukar no berre 2 a 3 dagar , men gamalt att -  
ende gjekk nok vika og meir til med . I dei si-  
ste åra er det oftast berre mannfolka som driv  
dette arbeidet . I meir moserike bygder som t. d.  
Hodalen og Øversjødalen , driv dei framleis med all  
den hjelpa dei kan få tak i både av kvinner og menn,  
men her ligg mosefelta så nær heimane at dei kan fara  
heim til kvelds kvar dag . I Vingelen er det  
mange som lyt overnatta i gamle buer eller løer.  
Andre kan ha setrene sine høvelæg nær . Helst  
ventar ein med mosetaka til buskapen fer heim .

Den mosen som ligg i kuferdsla , blir ofte ille  
tilreidd eller utstanga , og det blir dobbelt arbeid  
med å setja han i stand att .

8 ) Så snart snøen kjem og myrer eller vatn  
frys til , byrjar heimekjørsla . Dei som har  
mosen langt unna , brukar å lunna han fram til  
seterliene . Det blir ofte kapping millom  
folk om å få denne kjøringa unnagjort .

Den som ikkje fylgjer med i denne tevlinga ,  
kan bli att einsam . Kjem det så eit større snø-  
felle , kan ein slik etternølar koma i store van-  
skar med å få mosen heim . Dei mest ihugsa-  
me slit heller på skoninga under hest og slae  
før det blir skikkeleg snøføre . Dei er da ute  
i god tid og trækker seg veg over myrene , og når  
dette faret frys til , kan dei fara med hest og lass  
etter det . Alles blir det å sveiva på hælke-  
føre fram til bygda .

I alle nøve lyt all mosekjøringa vera unna-  
gjort i november - desember . Som regel plar det ko-  
ma eit større snøfall adventleite , og det vil dei  
helst unngå .

9 Alle som har mose langt unna i same leia ,  
gjer klokast i å slå fylgje både under lunning og  
heimekjøring . Den som blir hengande att med nok-  
re lass , fær som regel hjelp av slekt og grannar.  
Det er ikkje god skikk å skilja lag når ein har vo-  
re saman ~~frå~~ frå første dagen om denne kjøringa.

10 ) Ein veltar lassa av i fjøstunet og sett dei  
på kant innmot ~~xxxxxxx~~ kvarandre , helst slik at  
snøen fykk unna . ~~xxxxxx~~ Mosen er hard -  
frossen og må hoggast opp i høvelige stykker  
med ei bile . Dei brukar og å saga han opp i  
stultar . Karfolka parterar mosen og ber han  
inn i fjøset . Der legg dei han til opptiing i  
måssåbåsen .

11 I våre bygder er det berre kua som fær mose.  
Som regel brukar ein mosen ublanda . Kyr som har  
matleia eller er litt lunfengtne i matvegen elles,  
kan få litt mjøl og salt attåt, men i det store og  
heile er kua så glad i mosen at ho et han utan til-  
setning .

12 Folk held reinsmosen for å vera eit framifrå  
godt forslag.



2627

Han er både velsmakande og mjølkedrivande og blir ofte rekna for betre enn høy -- særleg når dette er dårleg verka . I alle høve står han fullt på høgde med markhøy . "Ei som har flust med mose - fjell ikring seg , vil framleis nytta mosen med stor fordel , men i ~~andre~~ andre bygder med lite av han og langt etter han, vil det snart ikkje løne seg å drive med mosetak . Mosen krev mykje arbeids- hjelp , og ho er ikkje å få for pengar .

Annan mose .

1- 2

Brødmosen skal i berre einskilde høve ha vore nytta til ~~falkemat~~ grisemat . Det er så lite av han at ein neftar for mykje tid med å leita han opp .

Ein brukte å koka graut av brødmosen saman med mjøl og lauv . Eg veit ingen som gjer dette no.

Annan mose eller l a v har ikkje vore nytta til dyreføde .

2627

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING